



Nokre spanande skuletimar ved Fjellandsbøvatnet er til ende. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjette- og sjuandeklassingane sette eit skikkeleg og lovande punktum for fiskesesongen ved Fjellandsbøvatnet onsdag.

Frå to garn som skulen hadde fått låna av familien Miljeteig på Friheim saman med båt kunne dei plukka ut rundt rekna 20 fine fiskar og den største auren var ikkje langt unna kiloen. Garna vart sett dagen før, som var den siste fiskedagen dette året.

Klassen, leia av Åse Myklebust Neset, hadde også med seg eingongsgrillar og kunne slå fast at fisken smaka herleg!



- Tør eg å kyssa han, undrar Bente. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vart i det heile ein frisk og fin skuledag under overskrifta 'Innsjø og vatn'. Klassen sykla til og frå og elevane gjorde meir enn å fiska.



Kjartan er fornøgd med fangsten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei var også uavlategleg på jakt etter andre spanande innslag i den mangfaldige natur-ramma rundt vatnet. Og då opphaldet ebba ut kunne dei også presentera alt frå ymse larvar til ein sprek frosk. Men det mest interessante var nok at elevane så ettertrykkeleg kunne dokumentera at Fjellandsbøvatnet framleis er eit godt fiskevatn.

Av Ola Matti Mathisen